



**ETNE KOMMUNE
TENESTETORGET**

Hordaland Fylkeskommune ref nr. 2014/14651

*Sveio kommune
Samarbeidsrådet for Sunnhordland*

Etne, 29.09.2014

Dykkar ref.:

Vår ref.:

2014000057/2014007089

Arkiv:

N-perm

Sakshandsamar:

ELH

HØYRING. REGIONALPLAN FOR ATTRAKTIVE SENTER I HORDALAND.HORD

Saka vart handsama i kommunestyret 23 09 2014. Vedlagt følgjer kopi av saka.

Med helsing

Eva Wiik Hustoft
Konsulent

Vedlegg: K-sak 048/14



53 75 80 00 · Telefaks: 53 75 80 01 · E-post: firmapost@etne.kommune.no · www.etne.kommune.no

5591 ETNE · Postboks 54 · Bankgiro · 8580.13.36200 · Org.nr.: 959 435 375

Etne kommune

SAKSUTGREIING

Utval	Møtedato	Saknr	Saksh.
Formannskap	09.09.2014	060/14	ERK
Kommunestyre	23.09.2014	048/14	ELH
Sakshandsamar: Erik Kvalheim		Arkiv: N-perm	Arkivsaknr: 2014000057

HØYRING. REGIONAL PLAN FOR ATTRAKTIVE SENTER I HORDALAND.

Vedlegg i saka:

Regional plan for attraktive senter i Hordaland – senterstruktur, tenester og handel. Datert 27.5.14. Lenke til høyningsdokumenta på fylkeskommunen si nettside:
<http://www.hordaland.no/Global/Plan/pdf-dok/2014-05-27-%20Regional%20plan%20for%20attraktive%20senter%20i%20Hordaland%20-H%c3%98YRINGSFORSLAG.pdf>

Utrykte saksdokument:

Følgjeskriv til høyningsframlegget, brev fra Hordaland Fylkeskommune datert 27.5.14.
E-post fra Hordaland Fylkeskommune datert 1.7.14 om utsett høyningsfrist til 1.10.14.

Saksgang:

Formannskap
Kommunestyre

Utskrift til:

På e-post til Hordaland Fylkeskommune, hfk@hfk.no (oppgi referansenummer 2014/14651)
Sveio kommune, postmottak@sveio.kommune.no
Samarbeidsrådet for Sunnhordland, firmapost@samarbeidsraadet-sunnhordland.no

SAKSUTGREIING:

1. Kva saka gjeld:

Saka gjeld fråsegn til *Regional plan for attraktive senter i Hordaland -senterstruktur, tenester og handel*. Høyringsdokumenta ligg på linken på førre side. Høyringsfrist er 1.10.14.

2. Bakgrunn for saka:

Vi klipper frå fylkeskommunen si eigen omtale av planen:

Hordaland fylkeskommune har utarbeidd regional plan i samsvar med plan- og bygningslova § 8-1. Hovudmålet er at Hordaland skal ha attraktive senter som fremjer livskvalitet, robust næringsliv og miljøvenleg transport. Sentera skal legge til rette for vekst i heile fylket. Planen inneholder føresegner som regulerer storleik og lokalisering av handelsverksemder. Kvart plantema inneholder mål, planskildring, retningsliner og handlingsprogram.

Sentrale plantema er:

- *Senterstruktur*
- *Attraktive sentrum*
- *Tenester, arbeidsplassar og fritidstilbod*
- *Handel og kjøpesenter*
- *Transport*

Rådmennene i Sveio og Etne kommunar har blitt samde om å nytte likelydande saksutgreiing og tilråding i denne saka. Begge våre kommunar, og Hordaland fylkeskommune, tek også del i arbeidet med *Regional plan for areal og transport på Haugalandet*. Ei av utfordringane ligg i at det ser ut å bli gjort framlegg om ulike reglar for handel i dei to planane, særskilt vedrørande krav til handelsanalyse. I Hauglandsplanen er framlegget pr. i dag at etableringar av verksemder med meir enn 1000 m² bruksareal utløyser krav om handelsanalyse. Planen nærmar seg handsaming i styret før offentleg høyring. I Hordaland sin nye plan er grensa sett til 3.000 m² nytt bruksareal, ei dobling i høve til dagens plan (sjå s. 31 og omtale s. 27-30). Der er også ulik bruk av omgrep i planane når det gjeld kommunesentre; Hauglandsplanen nyttar heller omgropet *regiondelsenter*, m.a. for å ikkje binde seg til dagens kommunestruktur.

3. Problemstilling:

Der er som nemnt fleire plantema i Hordaland sin plan, men det er kapitlet om handel som er viktigast å gi tilbakemelding på, fordi det her er snakk om bindande reglar for kommunane. Om *Ramar og verknad* av planen sjå s. 3. Når det gjeld regionsenter, så er Sveio og Etne kommunar lagt til Haugesund i begge planane (s. 9, kart s. 10); dette vert ikkje kommentert nærrare i saka. Herifrå går vi over til den sams saksutgreiinga og tilrådinga for Sveio og Etne kommunar, skrevet av rådmannen i Sveio kommune:

Saksorientering:

Regional planmynde kan etter kapittel 8 i plan- og bygningslova utarbeide regionale planar for å sikre føremål fastsett i den regionale planstrategien. Til slike planar kan det utarbeidast planføresegn knytt til retningsliner for arealbruk. Desse føresegner er juridisk bindande for

kommunane. Målet er å ivareta nasjonale og/eller regionale interesser. Gjennom å vedta ei planføresegn kan det leggjast ned forbod mot bygge- eller anleggstiltak dersom det ikkje ligg føre samtykkje innanfor nærrare avklara geografiske område.

Hordaland fylkeskommune har no utarbeida eit forslag til regional plan for attraktive senter som skal gjelda heile fylket. Målestinga er å avklare senterstruktur og lokalisering av handel og service i Hordaland. Dette planarbeid tek føre seg lokalisering av handel og service og vil delvis erstatte dei nasjonale føreseggnene for etablering av kjøpesenter.

I 1999 kom rikspolitiske retningsliner for etablering av kjøpesenter i Norge. Desse retningsliner vart erstatta av føreseggn gjennom forskrift i 2008. Forskrifta seier kortfatta at det utanfor by og tettstadssenter ikkje kan etablerast handels- og servicestader som er over 3000 m², dersom ikkje anna er avklara gjennom godkjente regionale planar. Ein regional plan kan såleis styre etablering gjennom føreseggn og retningsliner. Slik plan kan innsnevre moglegheit til å etablere handel og service, samtidig som at den kan opne for nye tiltak eller utviding av eksisterande der det går fram av planen gjennom føreseggn.

I samband med at forslag til regional plan no ligg ute på høyring er det høve til å kome med merknader til planen.

Økonomiske konsekvensar:

Planen kan få indirekte økonomiske konsekvensar for Etne kommune med bakgrunn i at planføresegn gjeve i den regionale planen vil vera juridisk bindande for kommunen og ved revisjon av kommuneplan eller gjennomføring av reguleringsplanarbeid skal denne følgjast. Planen vil til stor del avklare og leggja føringar for lokalisering for handel- og servicefunksjonar som ligg i og utanfor område som er definert som sentrum.

4. Vurdering:

Planarbeidet som Hordaland fylkeskommune har gjennomført må sjåast i samanheng med det arbeid som Rogaland fylkeskommune no gjer med *Regional plan for areal og transport på Haugalandet*. Begge planarbeida tek føre seg handelsetableringar og vil ha regional planføresegn for handelsetableringar som vil vera juridisk bindande for Etne kommune. Etne kommune (på lik line med Sveio kommune) inngår i begge planane og ved eventuell konflikt mellom dei to planane vil i utgangspunktet den plan som sist vart godkjent gjelda. Planen for Haugalandet er enno ikkje ferdig utarbeida, men intensjonane i planarbeidet og forslag til føresegner og retningsliner er tidlegare vist til i planprosessen. Det kan sjå ut som at desse er meir restriktive enn dei som er vist i Hordalandsplanen. Etne kommune må i denne samanheng vurdere om det er forhold som bør gjerast merksam på i arbeidet med *Regional plan for attraktive senter i Hordaland*, slik at ein sikrar kommunen sine interesser mellom dei to planarbeida.

Rådmannen har no lagt fram forslag til uttale for å sikre at Etne kommune sine interesser vert teke omsyn til og for å sikre at det ikkje oppstår konfliktar mellom dei to regionale planarbeida.

TILRÅDING FRÅ RÅDMANNEN:

UTTALE – Regional plan for attraktive senter i Hordaland:

Forslaget til *Regional plan for attraktive senter i Hordaland* tek føre seg mange av dei problemstillingar kommunane står overfor når det gjeld handel og planlegging/lokalisering av bustader, arbeidsplassar, næringsverksemd, tenestefunksjonar og fritidstilbod. Forslaget er utforma slik at det kan brukast ved så vel planlegging av fylkessenteret Bergen så vel som for regionsentera, kommunesentera og mindre lokal-/nærcentera.

Forslaget framstår som ein god rettleiar for framtidig planlegging av attraktive senter i Hordaland og er lett for kommunane å ta til seg og å bruke. Det er sett fram retningsliner før korleis kommunane skal/bør forvalte og utvikle sentrum samtidig som det går klart fram av planforslaget at det er kommunane som har ansvaret for planlegginga og forvaltninga av arealet.

Det er ikkje for mange restriksjonar som i framtida kan medføre unødvendige konfliktar mellom kommunalt sjølvstyre og regionale intensjonar. Samtidig vil planen vera med på å sikre auka fokus på sentrumsplanlegging og tilrettelegging for meir attraktive sentrum. Planen legg opp til at distriktskommunane fortsett kan leggja til rette for utvikling i kommunesentera så vel som å sikre eit desentralisert butikktilbod for daglegvarer/nærhandel i distrikta.

Vi ser likevel at forslaget kan koma i konflikt med dei føresegner og retningsliner for handelsetableringar som kjem i samband med utforming av *Regional plan for Areal og Transport på Haugalandet* som Rogaland fylkeskommune no utarbeidar. Då Etne kommune og Sveio kommune er omfatta av begge desse regionale planarbeida som delvis tek føre seg senterstruktur og som begge vil ha juridisk bindande føresegner for handel, ber vi om at Hordaland fylkeskommune tek aktiv rolle for å sikre at det vert samsvar mellom planane. Dette gjeld i første hand dei regionale planføreseggnene for etablering og utviding av handelsetablering med tilhøyrande retningsliner, og at desse samsvarar med kvarandre og ikkje innsnevrar det kommunale sjølvstyret sett opp mot det planforslag Hordaland fylkeskommune no har utarbeida.

09.09.2014 FORMANNSKAP

F-060/14 TILRÅDING FRÅ ETNE FORMANNSKAP TIL ETNE KOMMUNESTYRE: (samråystes)

UTTALE – Regional plan for attraktive senter i Hordaland:

Forslaget til *Regional plan for attraktive senter i Hordaland* tek føre seg mange av dei problemstillingar kommunane står overfor når det gjeld handel og planlegging/lokalisering av bustader, arbeidsplassar, næringsverksemd, tenestefunksjonar og fritidstilbod. Forslaget er utforma slik at det kan brukast ved så vel planlegging av fylkessenteret Bergen så vel som for regionsentera, kommunesentera og mindre lokal-/nærcentera.

Forslaget framstår som ein god rettleiar for framtidig planlegging av attraktive senter i Hordaland og er lett for kommunane å ta til seg og å bruke. Det er sett fram retningsliner før

korleis kommunane skal/bør forvalte og utvikle sentrum samtidig som det går klart fram av planforslaget at det er kommunane som har ansvaret for planlegginga og forvaltninga av areala.

Det er ikkje for mange restriksjonar som i framtida kan medføre unødvendige konfliktar mellom kommunalt sjølvstyre og regionale intensjonar. Samtidig vil planen vera med på å sikre auka fokus på sentrumsplanlegging og tilrettelegging for meir attraktive sentrum. Planen legg opp til at distriktskommunane fortsett kan leggja til rette for utvikling i kommunesentera så vel som å sikre eit desentralisert butikktilbod for daglegvarer/nærhandel i distrikta.

Vi ser likevel at forslaget kan koma i konflikt med dei føresegner og retningsliner for handelsetableringar som kjem i samband med utforming av Regional plan for Areal og Transport på Haugalandet som Rogaland fylkeskommune no utarbeidar. Då Etne kommune og Sveio kommune er omfatta av begge desse regionale planarbeida som delvis tek føre seg senterstruktur og som begge vil ha juridisk bindande føresegner for handel, ber vi om at Hordaland fylkeskommune tek aktiv rolle for å sikre at det vert samsvar mellom planane. Dette gjeld i første hand dei regionale planførerseggnene for etablering og utviding av handelsetablering med tilhøyrande retningsliner, og at desse samsvarar med kvarandre og ikkje innsnevrar det kommunale sjølvstyret sett opp mot det planforslag Hordaland fylkeskommune no har utarbeida.

23.09.2014 KOMMUNESTYRE

K-048/14 VEDTAK: (samrøystes)

UTTALE – Regional plan for attraktive senter i Hordaland:

Forslaget til Regional plan for attraktive senter i Hordaland tek føre seg mange av dei problemstillingar kommunane står overfor når det gjeld handel og planlegging/lokalisering av bustader, arbeidsplassar, næringsverksemder, tenestefunksjonar og fritidstilbod. Forslaget er utforma slik at det kan brukast ved så vel planlegging av fylkessenteret Bergen så vel som for regionsentera, kommunesentera og mindre lokal-/nærcentera.

Forslaget framstår som ein god rettleiar for framtidig planlegging av attraktive senter i Hordaland og er lett for kommunane å ta til seg og å bruke. Det er sett fram retningsliner før korleis kommunane skal/bør forvalte og utvikle sentrum samtidig som det går klart fram av planforslaget at det er kommunane som har ansvaret for planlegginga og forvaltninga av areala.

Det er ikkje for mange restriksjonar som i framtida kan medføre unødvendige konfliktar mellom kommunalt sjølvstyre og regionale intensjonar. Samtidig vil planen vera med på å sikre auka fokus på sentrumsplanlegging og tilrettelegging for meir attraktive sentrum. Planen legg opp til at distriktskommunane fortsett kan leggja til rette for utvikling i kommunesentera så vel som å sikre eit desentralisert butikktilbod for daglegvarer/nærhandel i distrikta.

Vi ser likevel at forslaget kan koma i konflikt med dei føresegner og retningsliner for handelsetableringar som kjem i samband med utforming av Regional plan for Areal og Transport på Haugalandet som Rogaland fylkeskommune no utarbeidar. Då Etne kommune og Sveio kommune er omfatta av begge desse regionale planarbeida som delvis tek føre seg senterstruktur og som begge vil ha juridisk bindande føresegner for handel, ber vi om at

Hordaland fylkeskommune tek aktiv rolle for å sikre at det vert samsvar mellom planane. Dette gjeld i første hand dei regionale planførersegnene for etablering og utviding av handelsetablering med tilhøyrande retningsliner, og at desse samsvarar med kvarandre og ikkje innsnevrar det kommunale sjølvstyret sett opp mot det planforslag Hordaland fylkeskommune no har utarbeida.

29.09.14
ETNE KOMMUNE
Rett utskrift

Eva Wink Gustaf